

Møte torsdag den 28. februar kl. 10

President: J ø r g e n K o s m o

D a g s o r d e n (nr. 57):

1. Innstilling fra Stortingets presidentskap om endringer i Stortingets forretningsorden – åpne komitehøringer (Innst. S. nr. 91 (2001-2002))
2. Redegjørelse av kultur- og kirkeministeren om Norsk rikskringkasting
3. Debatt om utenriksministerens utenrikspolitiske redegjørelse (Redegjørelsen holdt i Stortingets møte 26. februar 2002)
4. Innstilling fra næringskomiteen om Moxy Trucks AS – forlengelse av statlig garanti (Innst. S. nr. 90 (2001-2002), jf. St.prp. nr. 37 (2001-2002))
5. Innstilling fra næringskomiteen om gjennomføring av råfiskloven og fiskeeksportloven i 1999 og 2000 (Innst. S. nr. 89 (2001-2002), jf. St.meld. nr. 8 (2001-2002))
6. Interpellasjon fra representanten Åsa Elvik til fiskeriministeren:

«Stortinget har bestemt at berekraft, arbeidsplasser, lønnsend og busetjing er måla for fiskeripolitikken. Utan at konsekvensane for desse måla har blitt utgreidde, har det no komme forslag om stenging av torskeallmenningen og om eit lausare regelverk i forhold til leveringsforpliktingane for trålarane. Samtidig har havfiskeflåten auka sin andel av ressursane på kostnad av kystflåten. Stortingsvedtak om at allmenningen skal vere open, og om at kvotar ikkje skal kunne omsetjast, blir heller ikkje følgde opp: Kvotar blir omsette og retten til å fiske har blitt ein rett for dei få. Årsaka er at Stortinget, som bestemmer måla for fiskeripolitikken, er fråteke verkemidla til å nå desse måla. Stortinget er i fiskeripolitikken redusert til ein høyringsinstans som skal bidra med retorikk og fine ord.

Kva tiltak vil statsråden iverksetje for å nå alle dei fire måla i fiskeripolitikken?»
7. Referat

Presidenten: Det foreligger to permisjonssøknader:

- fra Sosialistisk Venstrepartis stortingsgruppe om sykepermisjon for representanten Siri Hall *Arnøy* fra og med 28. februar og inntil videre
- fra representanten Trine Skei *Grande* om permisjon i tiden fra og med 6. mars til og med 8. mars for å delta på konferanse ved Wilton Park i Storbritannia

Etter forslag fra presidenten ble enstemmig besluttet:

1. Søknadene behandles straks og innvilges.
2. Vararepresentantene, for Akershus fylke Christian *Holm* og for Oslo Ola *Elvestuen*, innkalles for å møte i permisjonstiden.

Presidenten: Christian Holm er til stede og vil ta sete. Representanten Marit Arnstad vil framsette et privat forslag.**Marit Arnstad (Sp):** Jeg vil gjerne få lov å sette fram et forslag om rett til svangerskapspengene for selvstendig næringsdrivende kvinner.**Presidenten:** Representanten Heidi Sørensen vil framsette et privat forslag.**Heidi Sørensen (SV):** På vegne av representantene Hallgeir H. Langeland, Inge Ryan og meg selv vil jeg sette fram et forslag om konvertering av oppvarming med fossile energikilder til oppvarming med nye fornybare energikilder, for å redusere utslippene av farlige klimagasser.**Presidenten:** Representanten Magnhild Meltveit Kleppa vil framsette et privat forslag.**Magnhild Meltveit Kleppa (Sp):** På vegner av representanten Rune J. Skjælaaen og meg selv vil eg setje fram eit forslag om betre prosessar ved etablering av flyktningmottak.**Presidenten:** Forslagene vil bli behandlet på reglementsmessig måte.

S a k n r . 1

*Innstilling fra Stortingets presidentskap om endringer i Stortingets forretningsorden – åpne komitehøringer (Innst. S. nr. 91 (2001-2002))***Magnhild Meltveit Kleppa (Sp)** (komiteens leder):

Kommunalkomiteen har funne det nødvendig å be Presidentskapet om å vurdere den praksisen som no er etablert, og eg vil aller fyrst uttrykka glede over at Presidentskapet har følgd opp med den vurderinga som i dag er lagd fram.

I Senterpartiet si stortingsgruppe har vi drøfta erfaringane med opne høyringar så langt. Det er ikkje tvil hos oss om at dette er ei god ordning, og vi er for den, men vi føler ikkje at vi her i Stortinget enno har funne forma. Vi har ikkje hatt moglegheit til å gi uttrykk for vår meining via Presidentskapet, difor berre nokre korte kommentarer.

Det vart seinast i fjor teke ein brei gjennomgang av arbeidsvilkåra for stortingsrepresentantar – ikkje minst med sikte på at vi skulle ha større moglegheit enn vi hadde frå før til kontakt og verksemd i eige fylke, difor fleire møtefrie dagar. Så er vi komne i ein situasjon der vi må bruka svært mange av akkurat desse same dagane til høyringar. Vi er urolege i forhold til det som skjer om våren – det er med bakgrunn frå fleire komitear – når det gjeld høve til å finna tidspunkt for høyring. Vi er einige i den vurderinga som Presidentskapet har gjort. Det kan ikkje vera gunstig at ein arrangerer open høyring parallelt med

spørjetimen, men vi er enige i det, ut frå at det er behov for å opna for høyringar på fleire dagar enn dei møtefrie i Stortinget. Men vi meiner òg at det er grunn til å stilla spørsmål ved om det er nok, om det ikkje her òg utover spørjetimedagane bør vera ei moglegheit i spesielle situasjonar. Det kan vera at ein komite har kort tid på seg på å koma med ei innstilling, dei skal ferdigbehandla ei sak og har eit tett møteprogram, eller at høyringsromma er opptekne. Då kan det vera nødvendig å gi unntak utover spørjetimedagane. Vi trur at dette vil bli spesielt aktuelt i samanheng med avslutninga av sesjonen.

Det er på denne bakgrunnen eg no skal ta opp eit forslag på vegner av Senterpartiet og be om støtte frå fleire. Det er eit forslag om eit nytt ellefte punktum, eit tillegg til Presidentskapets tilråding som lyder slik:

«For øvrig kan Presidentskapet likevel samtykke i at det også ellers kan holdes åpen høring selv om det er møte i Stortinget eller avdelingene når særlige grunner taler for dette.»

Med det forslaget gir vi altså vår støtte til det som Presidentskapet har tilrådd, men gir Presidentskapet høve til å gi unntak om det skulle oppstå ein situasjon der det ville vera til det beste både for saka, for komitearbeidet og for Stortinget elles.

Lodve Solholm (FrP): Dette gjeld ei sak som no har hatt om lag to månaders prøvetid. Det har allereie utkrystallisert seg visse problem i enkelte komitear, og fleirtalet av komiteane har òg bede om at vi løyser litt på slipsknuten når det gjeld forretningsordenen. Det har fleirtalet i Presidentskapet gjort ved at ein no opnar for at ein under den ordinære spørjetimen kan ha opne høyringar. Det er klart at ein kan diskutere om ein då degraderer enkelte møte i Stortinget. Det fann fleirtalet i Presidentskapet at vi kunne gjere, i og med at den ordinære spørjetimen ikkje legg opp til å gjere vedtak. Dette er jo fordi ein frå komitehald har bede oss om å gjere visse endringar.

No har Senterpartiet lagt fram eit nytt forslag i dag. Presidentskapet behandla det så vidt då vi fekk ei munnleg orientering om at dette ville bli framlagt i dag, og vi fann vel ut at vi står på det som vi har gjort. Vi vil no få ein prøveperiode – vi har trass i alt ikkje hatt så lang prøveperiode for å finne ut korleis dette fungerer. Det er først når vi kjem fram til mai–juni – og kanskje oktober, november og desember – at vi verkeleg får prøve korleis det blir med kollisjonar når gjeld opne høyringar kontra møte i Stortinget, for i den perioden vil det òg vere møte både måndag, tysdag, onsdag, torsdag og fredag, og då kan vi kome opp i dette. Men utgangspunktet frå fleirtalet i Presidentskapet er: Lat oss først prøve og sjå korleis dette fungerer, og så får vi eventuelt kome tilbake med ytterlegare tiltak dersom det skulle vere nødvendig. Derfor tilrår eg Presidentskapets fleirtalsinnstilling slik som ho ligg føre.

Inge Lønning (H): Jeg er tilbøyelig til å legge det prinsipp til grunn at når Stortinget fatter vedtak, så vet det hva det gjør. Stortinget fattet et vedtak om å forandre forretningsordenen så sent som på slutten av forrige peri-

ode, og denne endringen trådte i kraft 1. januar i år, altså for mindre enn to måneder siden. Det bør i sin alminnelighet være en viss fredningstid for vedtak som Stortinget selv har fattet. Og hvis man skal påberope seg erfaring som begrunnelse for å endre et slikt vedtak etter kort tid, må i hvert fall erfaringsgrunnlaget være noe større enn det man har hatt anledning til å innhente med denne endringen i forretningsordenen.

Jeg minner om at et av motivene som lå til grunn for det vedtak stortingsflertallet fattet i fjor – det står gjengitt i innstillingen som punkt to – var:

«Medias og publikums oppmerksomhet om tingmøtene kan lett bli enda mindre når det samtidig foregår en åpen komitéhøring.»

Det er et synspunkt som har meget for seg. Det antyder at det ikke har gått Stortinget hus forbi at interessen for det som foregår i denne sal, er relativt begrenset fra før av. Og da kan det ikke være en nærliggende oppgave for Stortinget selv å stimulere til enda mindre interesse for det som foregår i salen ved å invitere folk til å interessere seg mer for det som måtte foregå i komiteenes regi i form av åpne høringer.

Jeg vil heller ikke unnlate å bemerke at jeg finner det uheldig når man begrunner flertallsforslaget fra Presidentskapet med, som forrige taler gjorde, at det er ikke like farlig med spørretimen som det er med andre møter i denne sal, fordi i spørretimen kan det ikke fattes vedtak. Det er jo det samme som å si at det som foregår i form av debatter i denne sal, eller i form av utveksling av informasjon, det har ingen interesse, det er bare avstemningene som eventuelt påkaller interesse. Det kan ikke være et synspunkt som Stortinget er tjent med å invitere folk til å anlegge.

Representanten Solholm brukte uttrykket at det foreslåtte vedtak fra Presidentskapets flertall vil kunne tolkes som en «degradering» av Stortingets spørretime som institutt, og jeg oppfattet ham dit hen at han var enig i at det er en slik tankegang som er innbakt i forslaget til endring av forretningsordenen. Det er begrunnelsen for at jeg for min del har gått imot dette, og jeg vil anbefale Stortinget at man ikke endrer forretningsordenen på det nåværende tidspunkt.

Carl I. Hagen (FrP): Jeg er enig i – og slutter meg til flertallet i Stortingets presidentskap – forslaget til oppmykning, som lagtingspresident Solholm sa, i forbindelse med åpne høringer. Jeg tror det er en fornuftig ting. Vi i Fremskrittspartiet har hatt – i hvert fall har jeg hatt det, også da jeg var medlem av Grunnlovutvalget, som foreslo åpne høringer – det standpunkt at vi burde ha anledning til åpne høringer selv om det er møter i salen.

Jeg synes det er litt anstaltmakeri når Stortingets visepresident mener det vil være en degradering av spørretimen – det vil jeg være helt uenig i – hvis man nå tillater å ha åpne høringer samtidig med at det er spørretime. Vi vet alle i denne sal at det er relativt vanlig med vanlige komitemøter mens det er debatter i salen. Det er tilstedeværelsen av representantene som har vært et av problemene i forbindelse med at man har åpne høringer, da det

er litt vanskelig å være begge steder, og man har litt mer plikt til å være med i den åpne høringen enn det man kanskje har i et ordinært komitemøte, hvor det er utveksling mellom representantene. Det er det som faktisk har vært noe av problemet. Men jeg har hele tiden hatt den meningen at når vi først kan være fraværende fra debattene som andre komiteer enn ens egen har i salen, og ha vanlige komitemøter, burde vi også kunne hatt åpne komitehøringer samtidig med debatter i salen. Vi har imidlertid valgt ikke å legge frem noe forslag i den retning, fordi vi visste at situasjonen var at det ikke var noen særlig støtte å få for det. Men når et annet parti, Senterpartiet, fremmer et forslag om å åpne for at Presidentskapet i særskilte høve kan gi tillatelse, vil jeg anbefale vår gruppe å stemme for det forslaget, fordi det går i retning av det vi hele tiden har ment. Men, som sagt, det er ikke alltid vi finner det formålstjenlig å ta opp mindretallsforslag, og vi fant ikke det nødvendig i forhold til Presidentskapet. Men når det annet parti har gjort det, synes jeg det vil være naturlig at vi stemmer for.

Jeg har lyst til å replisere til Stortingets visepresident at når det gjelder medias dekning, tror jeg vi av og til kanskje må begynne å gå litt i oss selv og heller si at hvis det overhodet er interesse for noe som skjer i Stortingsbygningen, det være seg i en komite, i en åpen komitehøring eller i salen, er det av det gode. Jeg tror ikke det blir noe mindre interesse for det som skjer i salen dersom vi samtidig har en åpen komitehøring. Det kommer an på temaet som er til drøftelse i salen, det kommer an på om det er et politisk stridsspørsmål, eller om det er et allment samfunnsmessig engasjement i saken. Det samme gjelder for om det er noen interesse for den åpne høringen. Jeg kan ikke se at det skulle være noen som helst motstrid mellom å ha en debatt og åpen høring samtidig. Det vil også ofte være helt forskjellige medier som er interessert i de forskjellige sakene. Det kan være tidsskrifter for organisasjoner som er opptatt av det som skjer i den åpne høringen, mens det mer kan være de vanlige nyhetsmedier som er interessert i det som skjer i salen, enn omvendt.

Jeg synes at vi nå skal gjøre det som Presidentskapet har foreslått. Jeg vil også anbefale å stemme for det andre forslaget, og det kan bli aktuelt hvis de praktiske problemene i mai og juni blir for store. Nå er situasjonen også, som noen av og til glemmer, at hvis en komite skal ha høring, må den være åpen. Og hvis det er et press utenfra for å få til høringer som overskrider de ledige timer da det ikke er møte i salen, kan det bli behov for å komme tilbake med en endring i tråd med det Senterpartiet har foreslått, når vi kommer til mai og juni. Det vil i hvert fall vil være åpne for.

Jeg slutter meg altså til flertallsinnstillingen, og anbefaler Fremskrittspartiets representanter også å stemme for det av Senterpartiet fremsatte forslag.

Karin Andersen (SV): Den viktige endringen som ble gjort i forretningsordenen når det gjaldt høringene, var for å få åpenhet, og det er det prinsippet det er uhyre viktig å holde fast ved. Når det gjelder hvordan man

praktisk skal tillemppe dette, må man ta hensyn til at Stortinget er nødt til å ha måter å avholde både møter og høringer på som gjør det praktisk mulig å gjennomføre arbeidet vårt på en seriøs og ordentlig måte, og uten å bruke ufornuftig lang tid.

Jeg ønsker å starte slik for å slå fast at for SV er det åpenheten i høringene som er viktig, og det ønsker vi å holde fast ved. Derfor reagerer jeg også – i likhet med andre her – litt på Lønnings ordbruk når han snakker om degradering av Stortinget når man holder åpene høringer parallelt med f.eks. møter i Stortinget. Jeg finner ingen reell begrunnelse for en slik argumentasjon. Jeg kan forstå at noen mener at dette ville vært et flott system, men med den praktiske erfaringen som i hvert fall jeg har, måtte vi utvide døgnet med mange timer og uka med noen dager hvis vi skulle få dette til å gå i hop.

SV kommer til å slutte seg til flertallsinnstillingen fra Presidentskapet. Jeg vil også anbefale SVs gruppe å støtte forslaget fra Senterpartiet, fordi det er med på å gi Presidentskapet en mulighet til å fravike det systemet som skal være hovedmåten å ordne dette på, i de tilfeller der det viser seg at det praktisk ikke lar seg gjøre å gjennomføre Stortingets arbeid innenfor de tidsrammer som er satt. Derfor mener vi det ikke bør være noen stor fare i å gi Presidentskapet, som nå har signalisert en forholdsvis restriktiv holdning til dette, en slik mulighet til sjøl å vurdere om det vil være riktig av hensyn til Stortingets arbeid å gi en slik åpning i perioder av året da det er trangt om møteplass og møterom.

Inge Lønning (H): Det var ikke Stortingets visepresident som introduserte uttrykket «degraderer». Det gjorde lagtingspresidenten da han begrunnet flertallsforslaget fra Presidentskapet. Han uttalte for sin del at det var en effekt han var villig til å ta med på kjøpet for å få flertall for det fremsatte forslag.

Nå forstår jeg at det er opptil flere partier som har forandret oppfatning fra kl. 8.30 i morges og frem til starten av dette møtet og vil slutte seg til Senterpartiets mer vidtgående forslag. Da faller jo kvalitetsrangeringen mellom Stortingets spørretime og andre møter bort, for da vil ethvert møte i stortings salen kunne vike til fordel for en åpen høring.

Jeg må minne om at det var det stortingsflertallet som vedtok dagens forretningsorden, altså reformen med virkning fra 1. januar, som la til grunn det prinsipp jeg siterer i stedet:

«Medias og publikums oppmerksomhet omkring tingmøtene kan lett bli enda mindre når det samtidig foregår en åpen komitehøring.»

Det er en helt åpenbart riktig vurdering, og jeg synes det er eiendommelig at det samme flertall i løpet av meget kort tid har lagt den betenkeligheten til side og nå argumenterer prinsipielt for at det er helt i sin orden at Stortinget går i brodden når det gjelder å redusere interessen for det som foregår i denne sal.

Presidenten: Flere har ikke bedt om ordet til sak nr. 1.

Hva som får flertall og ikke flertall, vet vi ikke før vi har votert.

(Votering, se side 1793)

S a k n r . 2

Redegjørelse av kultur- og kirkeministeren om Norsk rikskringkasting

Statsråd Valgerd Svarstad Haugland: Eg har bede om å få halda denne orienteringa av fleire grunnar. Etter fleire år med underskot og svekt økonomi har styret i NRK no teke ansvar for økonomien i selskapet, og har vedteke å gjennomføra fleire innsparingstiltak. Sparetiltaka har i den siste tida skapt store debattar både i Stortinget og i media. Dei mange breva frå politikarar, organisasjonar og privatpersonar har på den eine sida synt eit stort engasjement. Dessutan ser vi at mange opplever at NRK har ei viktig rolle i samfunnet. Det er eg glad for. På den andre sida har debatten òg synt usemje om kva rolle NRK skal ha. Debatten har òg vist at prinsippa for styring av NRK ikkje er like klare for alle.

Eg vil med ein gong slå fast Regjeringa sitt prinsipielle utgangspunkt: Regjeringa meiner det er svært viktig å halda ved lag ein ikkje-kommersiell allmennkringkastar med eit breitt tilbod av program til heile folket.

Dette tilbodet har ein pris. Målsetjinga må følgjast opp med dei naudsynte økonomiske rammevilkåra. Den økonomiske situasjonen i NRK gir oss no tre hovudalternativ:

1. Vi kan velja å utvida dei økonomiske rammene til NRK – anten gjennom kringkastingsavgifta eller på annan måte.
2. Alternativt kan NRK spare inn på mindre viktige område av verksemda. Det er NRK i full gang med. Vi må innsjå at det ikkje er mogleg å stilla krav om at drifta skal gå i balanse, og samstundes nekta NRK å kutta i kostnadene.
3. Det tredje alternativet er å redusera ambisjonsnivået for kva ein lisensfinansiert allmennkringkastar skal vera. Etter mi meining vil dette vera den minst hellige løysinga.

Det offentlege engasjementet i NRK er basert på at NRK har og skal ha ei viktig samfunnsrolle. Dette gjeld både den offentlege eigarskapen, lisensfinansieringa og dei krava som er sette til programverksemda. Når vi skal diskutera spørsmål om offentlig eigarstyring, finansiering og regulering av NRK, er det difor viktig fyrst å stilla spørsmålet kva NRK skal vera.

Utgangspunktet for den statlege mediepolitikken er å sikra yttringsfridomen, som ein føresetnad for eit levande folkestyre. Det har lenge vore brei politisk semje om dette overordna målet. Dette målet var òg utgangspunktet for den førre regjeringa si stortingsmelding om mediepolitikken, St. meld. nr. 57 for 2000-2001. Stortinget vil handsama meldinga i april.

Med målsetjinga om yttringsfridom markerer Regjeringa eit slikt ansvar som Ytringsfridomskommissjonen gjorde framlegg om å grunnlovfesta: styresmaktene sitt

ansvar for å «lægge Forholdene til Rette for en aaben og oplyst offentlig Samtale». Framlegget til ny § 100 i Grunnlova er – saman med fleire alternative utkast – lagt fram for Stortinget som privat lovforslag og vil bli handsama i denne stortingsperioden.

Eit anna hovudmål for mediepolitikken er å sikra kulturelt mangfald og eit norskspråkleg medietilbod.

Tanken er at ein godt utbygd og fungerande infrastruktur for formidling av informasjon, nyhende og meiningar er naudsynt for at folk skal ha reell yttringsfridom, og for at dei skal kunna ta aktivt del i dei demokratiske prosessane. I moderne samfunn er det i hovudsak massemedia som har denne rolla. På same vis er massemedia i dag ein svært aktuell kulturell arena. Her har NRK ei sentral rolle som formidlar av eit breitt spekter av kulturinntrykk. Ei hovudoppgåve i mediepolitikken er difor å leggja til rette for utvikling av eit breitt, mangfaldig og uavhengig mediebilde.

Ikkje noko anna medium kan konkurrera med fjernsynet når det gjeld gjennomslag i folket. Heile 82 pst. såg fjernsyn på ein gjennomsnittsdag i år 2000. Kvar person såg i snitt 138 minutt. Fjernsynet opptek difor ein vesentleg del av liva våre, og haldningar og verdiar blir påverka av dei inntrykka vi får gjennom fjernsynet. NRK hadde si fyrste radiosending i 1933. Sidan den gongen har NRK vore ei av dei viktigaste kjeldene til nyhende, informasjon, kultur og underhaldning i Noreg. Eg vil tru at kvar einaste nordmann kan trekkje fram minst *ei* sending eller eitt innslag i NRK som har gjort varig inntrykk – og som dermed på godt eller vondt har vore med på å forma dei som menneske.

Trass i oppløysinga av kringkastingsmonopolet og det stadig aukande medietilbodet har NRK halde på posisjonen som den europeiske allmennkringkastaren som står sterkast i høve til dei private, kommersielle konkurrentane. I løpet av ei veke nytta praktisk talt alle seg av NRK sine program, anten i radio eller i fjernsyn.

Den store slagkrafta til kringkastinga gjer radio og fjernsyn til særleg viktige element i den infrastrukturen som Ytringsfridomskommissjonen legg slik vekt på. Allmennkringkastinga har lenge vore eit av de viktigaste verkemidla i norsk mediepolitikk. I Noreg har omgrepet tradisjonelt vore synonymt med verksemda i NRK, sjølv om TV 2 og P4 òg har krav til seg om å vera allmennkringkastarar.

Den digitale teknologien er no i ferd med å føra til ein eksplosjon i medietilbodet. Ein konsekvens er at det blir fleire og fleire kanalar å senda i. Desse kanalane må fyllest med noko. Programproduksjonen har ikkje halde tritt med auken i talet på kanalar. Dette fører til at stadig meir av tilbodet i alle kanalar er prega av angloamerikansk språk og kultur. Ein annan konsekvens er at det blir stadig færre felles møtepunkt og referanserammer i samfunnet. Dei tidene er forbi då vi kunne rekna med at alle såg laurdagsunderhaldninga på NRK. Når informasjonstilbodet aukar dramatisk, vil det difor meir enn nokon gong vera trong og interesse for ei truverdig kjelde til informasjon og underhaldning, på norsk og med grunnlag i norsk kultur og tradisjon.

NRK har eit unikt høve til å vera eit slikt felles haldepunkt. NRK sitt tilbod er tilgjengeleg i heile landet. Lisensfinansieringa gir NRK ein fridom frå kommersielle omsyn som gjer det mogleg å produsera program som reklamefinansierte allmennkringkastarar ikkje kan tilby. Det er difor mi faste overtyding at NRK òg i framtida vil ha ei viktig rolle i norsk samfunnsliv. Føresetnaden er at vi er villige til å betala det dette kostar.

Debatten om sparetiltaka i NRK har for ein stor del dreidd seg om i kva grad staten kan eller bør styra verksemda gjennom den statlege eigarskapen i NRK AS.

Omdanninga av NRK – frå forvaltningsbedrift gjennom stifting til aksjeselskap – har hatt som mål dels å gi NRK handlingsrom for å kunna operera på ein konkurranseutsett marknad. Dels har målet vore å etablera klare ansvarsforhold til politiske styresmakter.

Aksjeselskapsforma byggjer på ei klar rollefordeling mellom eigaren og leiinga av selskapet. Aksjeselskapet er eit eige rettssubjekt. Den allmenne retten til å gi instruksar som politiske styresmakter har i høve til statsforvaltninga, gjeld derfor ikkje. I statsaksjeselskapa er det styret og administrasjonen som tar avgjerder om både strategi og drift. I NRK har styret likevel ikkje ansvaret for den daglege programverksemda. Dette ansvaret ligg etter kringkastingstilsynslova til kringkastingssjefen åleine. Han har ei dobbeltrolle som direktør for selskapet og ansvarleg redaktør for programma.

Sjølv om NRK er ei lisensfinansiert og ikkje-kommersiell verksemd, konkurrerer NRK i nokre høve med kommersielle kanalar. Innanfor konkurranseutsett verksemd er det svært viktig at selskapa kan ta raske avgjerder. Det å venta på at eigaren – og eventuelt Stortinget – skal ta avgjerda, er tidkrevjande og gjer selskapet lite fleksibelt. Som lisensfinansiert allmennkringkastar har NRK ei viktig samfunnsoppgåve. Det er å levera eit tilbod som kommersielle konkurrentar ikkje i same grad kan tilby. Difor er det òg knytt legitim politisk interesse til sjølve produktet – programtilbodet. Samstundes er NRK ei redaksjonell verksemd som har viktige oppgåver i høve til å syta for ein fri og open samfunnsdebatt, m.a. samfunnskritikk og kontroll med politiske styresmakter. NRK er det redaksjonelle mediet i Noreg som har størst gjennomslagskraft. Det er difor stor grunn til å vera varsam med politisk styring og kontroll av NRK, særleg i redaksjonelle spørsmål. Av omsyn til tilliten til NRK som uavhengig kjelde til nyhende og informasjon er det svært viktig med klare ansvarslinjer i verksemda og klare grenser for politisk styring.

For å konkludera dette avsnittet:

- Utgangspunktet må vera – for NRK som for andre statseigde aksjeselskap – at staten si styring skjer på eit overordna nivå. Innanfor rammene av allmennkringkastingsoopdraget må styret og leiinga i selskapet ha stort handlingsrom.
- Avgjerder som har direkte og vesentlege konsekvensar for sjølve allmennkringkastingstilbodet er derimot ei politisk sak. I slike høve vil vedtektene stilla krav om at saka blir lagd fram for generalforsamlinga til handsaming. Dersom det skulle bli aktuelt med

vidtfermande endringar, vil Kultur- og kyrkje-departementet leggja saka fram for Stortinget dersom det får konsekvensar for programtilbodet.

- All styring må skje med respekt for NRK si rolle som redaksjonell verksemd. Spørsmål om redaksjonell profil og innhaldet i konkrete program ligg under redaktøransvaret og skal ikkje handsamast i politiske organ.

I praksis vil dette seia at spørsmål som gjeld intern drift og organisering, t.d. av redaksjonar eller distriktskontor, må liggja innanfor det styret og leiinga i NRK sjølv har fridom til – og ansvar for – å avgjera. Føresetnaden må vera at endringane ikkje svekkjer sjølve programtilbodet på område som ligg sentralt i allmennkringkastaroppgåva.

Det er difor viktig å skilja mellom på den eine sida dei overordna prinsippa for allmennkringkastaroppdraget og på den andre sida korleis NRK vel å organisera seg og driva selskapet for å oppfylle dette oppdraget. Det første er ei politisk sak, det andre er det ikkje. Dette skiljet har kanskje ikkje vore like klart for alle.

Ut frå dette er det mi vurdering at dei konkrete sparetiltaka som NRK no har sett i verk, ikkje skal handsamast politisk – korkje av meg som generalforsamling eller av Stortinget. NRK må ha fridom til å gjennomføra den naudsynte omlegginga på ein måte som i minst mogleg grad går ut over kjerneverksemda og oppgåvene som allmennkringkastar.

Som kjent er den økonomiske stoda i NRK vanskeleg. I perioden frå NRK vart omdanna til aksjeselskap i 1996 og fram til i dag har NRK gått med driftsunderskot kvart einaste år. For å redusera underskoda har NRK årleg nytta finansinntekter og ekstraordinære inntekter. NRK har med andre ord selt unna verdiar og nytta inntektene for å redde den ordinære drifta. Til dømes selde NRK i 1999 eigardelen sin i Norkring, selskapet som eig og driv det landsdekkjande analoge sendarnettet. I dag, når NRK skal kjempa for å sikra seg ein plass i eit digitalt bakkenett, kan vi setja spørsmålsteikn ved kor framsynt dette salet var.

Dette vitnar om for dårleg styring. Men når det er sagt, vil eg òg understreka at NRK i denne tida har tatt ein del viktige strategiske val for å sikra NRK sin posisjon som allmennkringkastar i framtida.

Eit selskap som gjennom kringkastingssavgifta er sikra pålitelege og stabile inntekter, må kunna tilpassa utgifterne til desse. Generalforsamlinga har dei siste åra gitt pålegg om at drifta skal gå i balanse. For 2001 ser det ut til at NRK skal klara dette. Men NRK er framleis ikkje heilt i mål. For 2002 har NRK varsla at selskapet igjen vil gå med underskot. Årsaka til dette er at ei rekkje av dei innsparingstiltaka som NRK no set i verk, fyrst vil gi innsparing frå og med 2003. Frå 2003 reknar styret med at kostnadene vil vera på nivå med inntektene. Dette føreset at NRK gjennomfører dei sparetiltaka som er naudsynte for å redusera kostnadene. Samstundes må vi ikkje gløyma kva NRK har oppnådd med lisenspengane i desse åra. NRK har gjennom 1990-åra auka program- og kanaltilbodet vesentleg. NRK sender i dag tre radiokanalar og to

fjernsynskanalar til dei fleste av oss. Ei oversikt frå NRK viser at sidan 1990 er talet på sendetimar dobla i radioen og nær tredobla i fjernsynet. I same perioden har kostnaden for kvar sendetime gått ned vesentleg. NRK har i denne perioden også etablert fleire andre tilbod, m.a. over Internett.

NRK sitt hovudformål er ikkje – og skal heller ikkje vera – å tena pengar, men å nytta lisensmidlane til å produsera allmennkringkasting. Likevel – 3 milliardar kr er mykje pengar, og vi må kunna stilla krav til NRK om at desse pengane blir nytta så effektivt som mogleg. Eg reknar det som sjølvsagt at NRK – som statleg finansiert verksemd – til kvar tid vel dei mest rasjonelle tekniske løysingane, dei minst arbeidskrevjande arbeidsmetodane og den mest effektive organiseringa av verksemda. I arbeidet med å tilpassa verksemda til den nye tida er det òg viktig at NRK ikkje ukritisk utvidar i alle retningar, men konsentrerer innsatsen om kjerneverksemda.

Det at NRK no gjennomfører fleire effektiviserings- og innsparingstiltak, er eit steg i rett retning. Regjeringa legg til grunn at den rasjonaliseringa som no er sett i gang i NRK, må førast vidare. Vi vil leggja til rette for at NRK kan utvikla seg til ei moderne og effektiv medieverksemd. Eg vil bidra til dette arbeidet m.a. gjennom tett og kritisk oppfølging av NRK si økonomistyring i generalforsamlinga.

NRK står framfor store utfordringar i åra som kjem, særleg på grunn av den digitale utviklinga. Mellom anna gjeld det kostnader knytte til digitalisering av arkiva, etablering av nye programtilbod i radio og fjernsyn og parallelle digitale og analoge sendingar. NRK vil i dei nærmaste åra truleg oppleva ein kostnadsauke utover den forventta pris- og lønnsveksten. Årleg justering av kringkastingsavgifta tilsvarande pris- og lønnsvekst vil difor ikkje vera nok.

Vi står no framfor eit val som vil få vesentlege konsekvensar for NRK si rolle i framtida. Dersom NRK framleis skal vera ein sterk allmennkringkastar, er det avgjerande at verksemda får stabile og betra økonomiske rammes.

Den viktigaste inntektskjelda til NRK er i dag kringkastingsavgifta. Avgifta utgjer om lag 92 pst. av inntektene.

NRK kan òg driva forretningsverksemd. Potensialet for å auka dei kommersielle inntektene til NRK er likevel avgrensa, m.a. fordi det er sett klare grenser for den kommersielle drifta: Det allmenne programtilbodet må vera reklamefritt. Overskotet frå den forretningsmessige verksemda må nyttast til å finansiera programproduksjon og programkjøp. Kringkastingsavgifta kan ikkje nyttast til å subsidiera forretningsverksemda. I tillegg må NRK ta omsyn til born i den kommersielle verksemda, særleg når det gjeld sal av produkt knytte til barneprogram. Det er viktig at NRK er seg sitt ansvar bevisst i slike saker. Som offentleg finansiert kringkastar har NRK fridom til å leggja vekt på andre omsyn enn reint kommersielle kringkastarar har.

Eg legg til grunn at det ikkje er aktuelt med utvida reklamefinansiering av NRK.

Det er ein klar vilje i Regjeringa til å gi NRK stabile og gode økonomiske rammevilkår. Slik eg ser det, har vi tre alternativ: å auka inntektene til NRK direkte gjennom ei heving av kringkastingsavgifta, å redusera kostnadene til NRK gjennom endringar i avgiftssystemet, eller å gi ekstraordinære løyvingar til NRK over statsbudsjettet.

Dei seinara åra har Stortinget justert kringkastingsavgifta etter pris- og lønnsveksten. Ein eventuell auke utover dette er blitt vurdert særskilt ut frå kostnadssituasjonen det aktuelle året. I andre land er ordninga annleis. I Danmark inngår eit fleirtal i Folketinget bindande mediepoltiske forlik der nivået på lisensen blir fastlagt for dei neste fire åra. Eitt alternativ kan difor vera ein planlagd og gradvis auke av kringkastingsavgifta etter modell av den danske ordninga. Dette vil gi NRK stabilitet og verdifullt spelerom i det tidsskiftet som verksemda no er inne i.

I dag blir det ikkje rekna meirverdiavgift av kringkastingsavgifta. NRK får difor heller ikkje frådrag for inngåande avgift på kjøp. Dette gir NRK årlege kostnader på om lag 195 mill. kr. Det fører òg til at ein stor del av NRK sine støttetenester og produksjonsapparat blir skjerma frå konkurranse, og dermed at kjøp av tenester eksternt blir lite lønnsamt. I andre europeiske land er det fleire ulike døme på korleis momsreglane er utforma. Danmark har ein modell der allmennkringkastaren er momspiktig med full sats – 25 pst. Finland har ein modell der allmennkringkastaren er momspiktig med ein redusert sats – 8. pst. I begge landa er det såleis fullt frådrag for inngåande moms. Sverige vurderer òg ein liknande modell. I Storbritannia er allmennkringkasting ikkje momspiktig og har heller ikkje frådragsrett for inngåande moms. Det er likevel ei ordning med kompensasjon for inngåande moms. Denne ordninga er ikkje ein del av momssystemet. Fleire modellar kan her tenkjast – med ulike konsekvensar for kostnadssituasjonen i NRK, belastninga på lisensbetalarane og avgiftsprovenyet til staten.

Regjeringa vurderer no fire alternativ: Lisensauke, 0-moms for NRK, full moms og ei ordning med momsrefusjon. Regjeringa har ikkje trekt nokon endeleg konklusjon, men kjem attende med konkrete framlegg i samband med statsbudsjettet.

I dag er NRK sitt oppdrag som allmennkringkastar lite presist definert. I kringkastingslova er det heilt enkelt slått fast at Norsk rikskringkasting AS skal driva allmennkringkasting og verksemd som har samanheng med dette.

EU-kommisjonen har varsla at det vil bli stilt krav til statleg finansiering av allmennkringkastarar. Vilkåra vil vera at allmennkringkastingsoppdraget er klart definert, og at oppdraget har ei klar rettsleg forankring. Det vil òg bli stilt krav om eit kontrollsystem som er uavhengig av allmennkringkastaren, for å sjå til at oppdraget blir oppfylt. Gjennom EØS-avtalen vil desse krava vera bindande for Noreg.

Det er no naudsynt å gi ein meir presis definisjon av kva for oppgåver NRK skal ha, ikkje berre av omsyn til EØS-avtalen, men mest av omsyn til lyttarane og sjåara-

ne. Det vil vera ein klar fordel at publikum veit kva for tilbod dei kan krevja frå NRK. Eg har difor sett i gang eit arbeid med å avgrensa og definera allmennkringkastingsoppdraget.

Eg vil ikkje her og no gå inn i detaljar om dette arbeidet, men eg vil likevel nemna nokre hovudprinsipp som må stå sentralt i definisjonen av allmennkringkasting.

Aktiv deltaking i politikk og samfunnsliv krev kunnskap og innsikt. Kunnskap og innsikt krev eit breitt tilfang av informasjon. Ein viktig del av oppdraget må difor vera å gi det norske folket eit breitt tilbod av nyhende, aktuell informasjon og kulturstoff med utgangspunkt i deira røyndom.

For distrikta er NRK sine distriktssendingar med radio og fjernsyn ein viktig del av informasjonstilbodet. Eg vil difor understreka at det er naudsynt at NRK held ved like eit godt distriktstilbod i heile landet.

På den andre sida er det liten nytte i eit breitt innhaldstilbod dersom folk ikkje kan ta det inn. Kravet til allmennkringkasting må her liggja fast: Heile folket må sikrast tilgang til kringkastingstilbodet. Dette må vera eit viktig prinsipp ved overgangen til digital distribusjon.

Å fremja norsk språk og kultur har òg vore viktige delar av oppdraget til NRK. Til dømes har NRK sine distriktssendingar ei viktig språkpolitisk rolle i nynorskfylka spesielt. Folk har i praksis grenselaus tilgang til utanlandske medium gjennom Internett og utanlandske fjernsynskanalar. Det gjer at dette i framtida må bli ein endå meir sentral del av verksemda i NRK.

Overgangen frå analog til digital distribusjon har vore eit viktig element i debatten kring NRK si framtid.

Hausten 1999 handsama Stortinget meldinga om digitalt fjernsyn. Stortinget gjekk då inn for at utbygging og finansiering av eit digitalt bakkenett for fjernsyn skal byggja på etterspurnad etter kapasitet i marknaden, og ikkje vera ei statleg oppgåve. Andre føresetnader frå Stortinget var m.a. at norske allmennkringkastarar må sikrast kapasitet, at nettet blir riksdekkjande, og at det meste av kapasiteten i nettet skal nyttast til fjernsyn. Førrebeis er det sett av frekvensar til eit bakkenett med kapasitet motsvarande 15–18 fjernsynskanalar. Denne frekvenskapasiteten er sett av til fjernsynssendingar, men kan òg formidla andre elektroniske kommunikasjonstenester, så som tele- og datatenester. Samferdselsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet har saman utarbeidd eit opplegg for utlysing og tildeling av konsesjonar i eit slikt nett.

Det er ein føresetnad frå Stortinget at NRK sine digitale sendingar på sikt skal dekkja heile folket. NRK kan ikkje skru av dei analoge sendingane før dei digitale sendingane har ein tilfredsstillande dekningsgrad og det store fleirtalet av sjåarar har skaffa seg naudsynt mottakarutstyr. Ei rask utbygging av eit digitalt bakkenett kan gjera at tilnærma alle sjåarar får eit tilbod om digitalt fjernsyn, og dermed gjera perioden med parallelle sendingar kortare. Dette vil redusera distribusjonskostnadene til NRK vesentleg og gjera verksemda betre i stand til å møta dei mange utfordringane som følgjer overgangen til digitalt fjernsyn. Eit digitalt bakkenett er òg den einaste

realistiske måten å få til digital utsending av NRK sitt distriktstilbod på. Eit anna viktig omsyn er at NRK må kunna vareta sine beredkapsoppgåver.

I stortingsmeldinga om mediepolitikken som den førre regjeringa la fram i fjor haust, vart det lagt opp til ein modell der kapasiteten i nettet vart tildelt dei som tilbyr dei ulike tenestene, primært kringkastarar. Desse skulle så samarbeida om å byggja ut og driva nettet. Røynsler frå andre land tyder på at denne modellen ikkje er den beste. Til dømes har Sverige valt denne modellen, og der går det seint med oppslutninga i folket. Storbritannia har valt ein modell der den kapasiteten som ikkje er sett av til allmennkringkastarar, blir disponert av eitt selskap, som så deler kapasiteten ut til andre i samsvar med retningslinjer frå styresmaktene. I Finland og Portugal vil dei følgja dette mønsteret. Post- og teletilsynet og Statens medieforvaltning har klart tilrådd å velja den same modellen i Noreg.

Ut frå dette vurderer Regjeringa om det bør leggast opp til dei same prinsippa i Noreg, noko som vil innebera at kapasiteten vil bli tildelt ein aktør som vil få konsesjon etter kunngjering.

Denne aktøren vil så fordela kapasiteten etter forretningsmessige prinsipp, men samstundes basert på kultur-, medie- og telepolitiske prinsipp som Regjeringa vil fastsetja. I desse prinsippa vil m.a. følgjande bli lagt til grunn:

- Ein tredel av kapasiteten i nettet skal vera landsdekkjande. Denne kapasiteten skal reserverast for allmennkringkastarane.
- Lokal-TV må sikrast kapasitet.
- To tredelar av kapasiteten vil bli bygd ut til å dekkja ein så stor del av folket som marknaden gir grunnlag for
- Kapasiteten i nettet skal fyrst og fremst nyttast til fjernsyn. Delar av kapasiteten vil bli nytta til andre formål, t.d. data- og teletrafikk. Eit digitalt bakkenett kan òg nyttast for tovegs breibandstilknytning til Internett
- Uvissa om lønsemda i eit digitalt bakkenett gjer det uaktuelt å krevja inn noko form for konsesjonsavgift

Regjeringa har ikkje konkludert endeleg. Vi vil no senda dette opplegget ut til allmenn høyring. Når vi har fått inn alle synspunkt, vil det bli teke endeleg stilling. Parallelt med høyringa vil òg alternative distribusjonsformer bli greidde ut.

Heilt avslutningsvis: Den 10. desember 1971 fatta Stortinget følgjande vedtak:

«Norsk Rikskringkasting kan setje i gang systematiske prøvesendingar for fargefjernsyn frå årsskiftet 1971/72 med sikte på igangsetjing av regulære sendingar om 3 år.»

Eg konstaterer no at vi framleis faktisk har fargefjernsyn, utan at det er fatta noko vedtak om ei permanent ordning. Og eg reknar med at det ikkje skulle vera naudsynt med noko nytt formelt vedtak, med mindre fleirtalet i denne salen meiner noko anna. Dersom det skulle vera ynske om det, kjem eg sjølv sagt attende med framlegg til vedtak.

Eg ser fram til ein spennande debatt om NRK si framtid. Eg vonar at denne debatten ikkje berre blir ført i denne salen, men i media og ikkje minst hjå folk flest.

Presidenten: Presidenten foreslår at redegjørelsen legges ut til behandling i et senere møte, og så får vi se av behandlingen om det er behov for et ytterligere vedtak. – Det anses vedtatt.

S a k n r . 3

Debatt om utenriksministerens utenrikspolitiske redegjørelse

(Redegjørelsen holdt i Stortingets møte 26. februar 2002)

Presidenten: Etter ønske fra utenrikskomiteen vil presidenten foreslå at lengste taletid for hovedtalere fra hver partigruppe og for medlemmer av Regjeringen settes til 10 minutter og for øvrige talere til 5 minutter.

Videre vil presidenten foreslå at det blir gitt adgang til replikkordskifte på inntil tre replikker med svar etter innlegg fra hovedtalere fra hver partigruppe og fem replikker med svar etter medlemmer av Regjeringen.

– Det anses vedtatt.

Thorbjørn Jagland (A) (komiteens leder): Også den utenrikspolitiske debatten preges nå mer og mer av enkelt saker med krav om kjappe og sterke standpunkter. Den ene dagen kan spørsmålet være om man er for eller mot USA, eventuelt hvor sterkt man er for eller mot USA. Den neste dagen skal man være for eller mot globalisering. Utenrikspolitisk debatt blir mer og mer som innenrikspolitisk debatt, fra sak til sak, fra dag til dag. Alt passerer i revy uten en indre sammenheng.

Men mer enn på noe annet område er det behov for å drøfte hovedlinjer og å forholde seg til de store utviklingstrekk. Det er nødvendig å være klar over at begivenhetene skaper historie og nye mønstre som vi må forholde oss til, som f.eks. da Berlinmuren falt. Da ble det sagt at dette ville skape et helt nytt Europa. Det var de første dagene og de første ukene. Men så skjedde det ikke så mye, og da begynte mange å si at dette var kanskje ikke så historisk likevel. Nå kan vi si at denne begivenhet nettopp førte til det som ble sagt i de første dagene, det skapte et helt nytt Europa.

Utvidelsen av EU og NATO startet opp. Euroen innføres nettopp i dag. Vi har fått en felles utenriks- og sikkerhetspolitikk og en felles politikk på justis- og politiområdet i EU. Nå er situasjonen den at ti nye land kan komme til å bli medlemmer av EU, slik at EU kan komme til å omfatte hele det europeiske kontinent så å si. Vi står foran en ny utvidelse av NATO. Mye taler for at Storbritannia kan komme til å gå med i euroen, at Sverige da kanskje kommer etter, og at det også kan komme til å gjelde Danmark. I Danmark har det skjedd nærmest en revolusjon på venstresiden i politikken i de siste ukene. Lederen for Socialistisk Folkeparti, Holger Nielsen, og Keld Albrechtsen, Enhedslistens EU-ordfø-

rer, den listen som ble valgt inn nettopp på motstand mot EU, går nå inn for å oppheve de forbehold som landet har tatt i forhold til det forsvars- og sikkerhetspolitiske samarbeidet og politi- og justissamarbeidet, fordi disse forbeholdene etter deres oppfatning – og jeg siterer fra Berlingske Tidende den 4. februar i år – «forhindrer Danmark i at deltage i væsentlige beslutninger og oppgaver i EU, som vi burde have direkte indflydelse på og tilmed har en klar interesse i at påvirke.»

Holger Nielsen sier rett ut at forbeholdet mot å delta i politi- og justissamarbeidet og i utenriks- og sikkerhetspolitiske samarbeidet «blokerer for danske interesser, som ingen kunne forudsige, da forbeholdene blev skrevet i 1992».

Jeg trekker fram dette for å få fram at det er skapt et nytt Europa, ikke bare ved at hele kontinentet er i ferd med å samle seg i EU, men også ved at alle politiske retninger er i ferd med å samle seg om EU og om at EU er rammene for politisk arbeid og for demokratisk debatt og konkurranse mellom de ulike ideologier og partier, akkurat som vårt politiske system er rammene for en demokratisk konkurranse og debatt mellom de ulike politiske retninger. Dette er noe dyptgående historisk som har skjedd på det europeiske kontinentet.

Den andre begivenheten som etter min oppfatning kommer til å skape like dyptgående utenrikspolitiske virkninger, er den som vi alle snakker om, den 11. september. Også her fikk vi de første dagene høre at dette nettopp ville føre til enorme forandringer, men så etter hvert har mange begynt å si at det fører kanskje ikke til så store forandringer likevel. Jeg tror at det samme kommer til å skje som følge av denne historiske begivenheten som det som skjedde etter Berlinmurens fall, nemlig at vi står foran store endringer i verden som følge av dette. De vil påvirke våre utenrikspolitiske rammebetingelser like mye som Berlinmurens fall gjorde det, og vi kommer til å se det om ti år kanskje.

For det første mener jeg at erkjennelsen allerede er i ferd med å bre seg – den var der for så vidt også mye før – av at vi alle er sårbare og i samme båt. Dette vil være et nytt startskudd og en kjærkommen anledning for alle som vil kjempe for å styrke de globale institusjonene. Jeg er glad for at utenriksministeren understreket nettopp det.

For det andre kommer ikke verden til å godta at vold og terrorisme hører det 21. århundre til. Verdenssamfunnet har rett til å gripe inn mot stater som støtter terrorisme. Retten til humanitær intervensjon er kommet enda høyere på den utenrikspolitiske dagsordenen. Vi går mot et FN som ikke bare skal sikre statenes sikkerhet, som er nedfelt i FNs charter, men som også skal sikre enkeltindividets rettigheter, og at FN har rett til å gripe inn i staters indre anliggender dersom enkeltindividets rettigheter blir tråkket på.

For det tredje: Akkurat som Berlinmurens fall gav støtte til samlingen av Europa, og at det var det fundamentale som skjedde, kommer etter min oppfatning den 11. september til å gjøre kampen mot fattigdommen til det 21. århundres aller viktigste sak – ikke fordi terrorismen kjemper for de fattige, men fordi den desperate situa-

(Jagland)

sjonen fattige mennesker er i, gir næring til desperate handlinger. Dette har flere og flere fått øynene opp for.

Jeg har lyst til å si: Er det noe USA skal kritiseres for, er det ikke at landet tok opp kampen mot terrorismen, men at landet i denne situasjonen går til en historisk militær opprustning for å vinne krigen mot terrorismen, uten å ta opp kampen eller starte en krig mot fattigdommen. Fattigdommen er en udetonert bombe som vi alle må få øverst på den utenrikspolitiske dagsordenen.

Det er stor enighet om det meste av det utenriksministeren sa. Men utenriksministeren hadde ingen tanker om hvordan Norge skal takle følgene av de store utenrikspolitiske endringene som nå er i ferd med å skje, for det første virkningene av samlingen av Europa for Norge, for det andre hvordan vi skal forholde oss til de store dagsordenene som nå kommer opp globalt – også operativt og praktisk.

Og så går vi over til arbeidet i Tryggingrådet: Det var med glede eg høyrde på nyheitene denne veka at FN-ambassadøren vår tok eit oppgjer med israelsk rasering av palestinsk eigedom og sa at dette var uforeinleg med det å skulle få til ein fredsprosess. Eg går ut frå at den gode ambassadør Kolby har fått instruksar frå sine politiske leiarar og har teke skeia i ei anna hand, for når vi ser på kva Noreg har gjort i Tryggingrådet, har vi etter SVs syn opptredd litt passivt og teke for mykje omsyn til USA og også til Israel i forhold til Midtosten-konflikten. Vi har gjort ein innsats for å heise konfliktane i Afrika på dagsordenen. Noreg bidrog heilt konkret til å hindre ei for tidleg oppheving av våpenembargoen både mot Etiopia og Eritrea for eit år sidan. Vi var der med komiteen

på besøk, og såg heilt klart at embetsverket har jobba for fullt framfor den formannskapsperioden som vi skal ha i Tryggingrådet. Det verkar no som om det er sendt signal om at det skal vere enda sterkare trykk, og at vi skal bruke det politiske innhaldet meir.

På eit område ser det ut til at vi har fått noko godt ut av det forferdelege som hende den 11. september i fjor, og det gjeld arbeidet med å få gjort noko med finansiering av terrorisme, kvitvasking, skatteparadis og innsyn i bankkonti. Noreg og andre land har i lengre tid hatt rettslege instrument mot kvitvasking av inntekter frå straffbare handlingar, særleg i samband med narkotikaomsetning. Organisasjonen Financial Action Task Force har ei leiarrøle i arbeidet med at kvart enkelt land skal kunne ta dei nødvendige forholdsreglane. Med terrorhandlingane i USA har behovet for innsikt i finansielle transaksjonar fått ein ny og meir presserande dimensjon, og det internasjonale samarbeidet på området er vitalisert. Både Noreg, EU og USA har innført heimlar for rask frysing av konti og tiltak for større gjennomskinnlegheit ved transaksjonar som ein mistenkjer kan vere knytte til terrorverksemd. Skatteparadisa kan ha ei nøkkelrolle i finansieringa av terrorisme, og det er framdrift i det internasjonale samarbeidet mot slike i OECD-regi. Men i USA og også i andre miljø blir antiterrorismeperspektivet brynt sterkt mot konservative finansinteresser, som er utprega antiskatt og antiinnsyn i internasjonale transaksjonar.

E i r i n F a l d e t hadde her overtatt presidentplassen.

Presidenten: Det blir replikkordskifte.

Haakon Blankenborg (A): Dersom ein foreslår at eg skal ha yrkestittelen replikant etter denne debatten, skal eg vurdere det.

Det var mange gode sider som kom fram i det innlegget som vart framført, og eg er heilt samd i alt som vart sagt om den humanitære situasjonen, behovet for bygging av sivilt samfunn og det å avhjelpje nøden – både fordi det faktisk er viktig i seg sjølv, og fordi det er viktig for å førebyggje nye konflikhtar. Men vi veit at SV er svært skeptisk til bruk av militære middel for å oppnå politiske mål. Når det gjeld Afghanistan, forstår eg at dei var imot aksjonen og for resultatet, og det er for så vidt ei grei haldning. Men det er særleg amerikansk militær maktbruk dei ser med stor bekymring på, og det kan det også vere god grunn til.

Eg veit at dette partiet er imot NATO. Vi får ein eigen NATO-debatt seinare, så der får vi handtere spørsmålet om utviding av NATO. Men det foregår også eit tettare samarbeid i Europa om militære spørsmål, og eg er ikkje heilt sikker på kva SV har for haldning i dette. Støttar dei det som er det store fleirtalets linje om at det er positivt at Europa har samarbeidd tettare innafor NATO, naturlegvis, men då med utgangspunkt i ein europeisk dagsorden, om både forsvarspolitiske og tryggleikspolitiske spørsmål? Ønskjer SV at dette skal skje, eller ønskjer SV fak-

tisk ei renasjonalisering av forsvaret i Europa, slik at ein slepp denne samordninga under ein NATO-paraply, eventuelt under ein EU-paraply? Er det noko betre bidrag til den internasjonale tryggleiken? Gir det eit betre utgangspunkt for å slå ned på situasjonar som dei ein hadde i Afghanistan, eller for så vidt den vi såg i Kosovo, der SV støtta aksjonen?

Bjørn Jacobsen (SV): Ingen gleder seg meir enn SV og eg over at Taliban-regimet fall fortare enn det vi trudde; det er ei av dei største gledene eg har opplevd. Det fikk i alle fall krigen ned på eit nivå som eg skildra i innlegget mitt. Krigen er på langt nær over, men ein fekk i alle fall nivået ned.

Så er spørsmålet om amerikansk militær maktbruk er verre enn annan militær maktbruk. Nei, sjølvsagt ikkje. Det som er problemet med krigen mot terror som vi har i dag, er at det i skuggen av krigen mot terror foregår enorme overgrep, ikkje minst hos vår stor nabo i aust, Russland – det dei gjer mot det tsjetsjenske folket. Der skal eg vere med på at eg har forsømt meg, for hadde amerikanarane gjort noko liknande som det russarane gjer i Tsjetsjenia, så hadde det gått eit demonstrasjonstog herfrå til Molde, der eg bur. Så eg er einig i at proporsjonane ikkje alltid er der, men media set ein dagsorden som ikkje engasjerer oss like mykje.

Tysklandsbrigaden var vel det første Noreg bidrog med etter krigen. Så har vi hatt NATO-debatt, vi har hatt EU-debatt osv. SV har valt å stå utafør. Vi er også skeptiske til ESDP, men vi gjekk ikkje imot det då det var oppe i fjor. Vi er veldig skeptiske til hovudmålsetjinga – det som går på ein såkalla «out of area»-strategi, som nettopp gjev oss moglegheit til å operere heilt andre stader. Nettopp der ønskjer vi at FN skal kunne ha eit mandat. Men vi ser at det å ha eit forsvar, altså vere innretta på å forsvare eige territorium, og ikkje drive «out of area»-verksemd, er det viktigaste.

Finn Kristian Vallersnes (H): Norge har gjennom flere år inntatt en rekke meklerroller og etter hvert opparbeidet seg en kompetanse på meklerfunksjonen i internasjonale konfliktspørsmål. Det forutsetter en nærhet til de partene det dreier seg om, og også at en for å ha den nærheten ofte avdemper – skal vi si – kritikken mot partene i de konfliktene en er engasjert i. Det fører til at en på hjemmebane regelmessig får kritikk for unnfalighet, og særlig har vi registrert det fra SV.

Jeg må òg legge til at dette ofte gir en ekstra norsk dimensjon til utenrikspolitikken, hvor det kan være til hjelp for andre land, men også samtidig kan fremme våre egne posisjoner. Og mitt spørsmål til representanten Jacobsen må da bli om det er riktig at SV er imot at Norge ivaretar og viderefører sin meklerrolle, f.eks. i Midtøsten.

Bjørn Jacobsen (SV): Eg må innrømme at eg for så vidt ikkje har skjont spørsmålet heilt. Eg kan ikkje med min beste vilje sjå at vi har sagt noko i det heile som kunne tyde på at vi ikkje vil at Noreg skal ha ei meklarrolle. Det er nettopp det vi har understreka mange gonger, at

det kan vi ha trass i at vi har valt ein del andre alliansepartnarar enn det andre land har gjort. Eg kan forsikre representanten Vallersnes om at SV skal støtte opp om alle moglegheiter Noreg har til å bidra i form av fredsmeklarrolla.

Christopher Stensaker (FrP): Representanten Bjørn Jacobsen sa i sitt innlegg at Afghanistan trenger ro til å utvikle sin politikk. Det er jeg enig i. Men hans tro på at penger løser alle problemer, deler jeg ikke, for det har jeg ingen tro på. Det er mange problemer å løse i Afghanistan. Vi vet bl.a. at det der dyrkes narkotika, og at det selges en stor mengde narkotika til Europa. Dette må det settes en stopper for, om nødvendig med makt. Er representanten enig i det?

Når det gjelder SVs holdninger til USA og den behandling som gis fangene som er plassert på Guantánamo-basen, vil jeg spørre om representanten synes at disse fangene har det verre enn de som sitter i fengslene i Rwanda. Man vet også at fangene i Rwanda er underlagt internasjonal domstol og har sittet i fengslene i åtte år uten lov og dom. Men vi har ikke hørt noe fra SV om dette. Er det bare når det gjelder saker som USA er involvert i, at SV er engasjert?

Bjørn Jacobsen (SV): Afghanistan treng sjølv sagt ro, og Afghanistan treng òg ein masse bistand. Det er ikkje pengar det står på, så der skal ikkje Framstegspartiet vere redde. Dei var veldig ivrige i fjor haust, då ville dei ha inn 500 mill. i staden for 200 mill., eller kva det var.

Så til dette med narkotika og korleis ein skal få bukt med den. Vi i SV trur at den einaste måten å få bukt med narkotikadyrking på, er å få eit meir rettferdig handelsystem i verda. Vi trur t.d. at UNCTAD, som er FN sin handelsorganisasjon, kan kome inn her. Vi kan begynne å snakke om å få minsteprisar på kaffi, bananar, te osv., slik at ein kan lokke småbøndene over til å produsere det dei sjølve vil produsere, nemleg vanlege landbruksprodukt, i staden for å produsere narkotika. Gode forsøk på dette i triangelet i Asia har vist at dette verkar.

Så til dette med fangane på Cuba. Der ser vi jo heilt klart at USA var villig til å ta imot litt kritikk. Dei godkjende at Taliban-soldatar var «prisoners of war», krigsfangar, mens al-Qaida-folk ikkje var det. Det nyttar å presse dei. Så trass i det representanten Stensaker seier, hørte USA; dei var villige. Dei følgde ikkje tråden heilt ut, men var med eit stykke på veg. Ei eventuell samanlikning mellom fangane på Cuba og dei i Rwanda ser eg ingen grunn til å ha, det er to heilt forskjellige verder. Eg kan forsikre Stensaker om at vi også er villige til å vere med og kritisere andre enn USA.

Presidenten: Replikkordskiftet er dermed omme.

Jon Lilletun (KrF): Eg takkar utanriksminister Jan Petersen for ei god utgreiing på tysdag. Eg deler hans analyse og framstilling. Eg er særskilt glad for det fokus han hadde på menneskerettar, fred og forsoning. Vi står overfor mange urovekkjande situasjonar og utfordringar.

Basisen for Kristeleg Folkeparti sin utanrikspolitikk er og har alltid vore at demokrati, respekt for menneskeverd og menneskerettar skal gjelde alle. Når vi legg dette til grunn for vår politikk, kan vi ikkje vere tause når menneske vert utsette for vald og overgrep.

Eg er difor glad for at utanriksministeren forsikra oss om at situasjonen i Afghanistan vil stå høgt på dagsordenen til Tryggingrådet neste månad. Ein ser dessverre allereie no at CNN-effekten er i ferd med å setje seg i forhold til Afghanistan. Media er ikkje lenger så opptekne av situasjonen for sivilbefolkninga, no er det situasjonen i Irak som er mest interessant. Difor er det faktisk slik at pengar alt held på å verte eit problem, og det er ikkje slik som representanten Jacobsen faktisk sa i førre replikkrunde.

Fleire land har svikta med å gje den bistanden Afghanistan vart lova. Det er ei skam. Det er òg ei utfordring for Noreg no som vi er leiar av Støttegruppa for Afghanistan. Eg har stor tillit til at utanriksministeren vil følgje det opp på ein god måte. Det er no det vanskelege arbeidet startar. No skal interimadministrasjonen byggjast opp. Det er no dei ulike lokale krigsherrane skal samle seg om ei regjering. Det er no innbyggjarane og flyktningane treng humanitær hjelp.

Då utanrikskomiteen nyleg var på reise til Ottawa, Washington og New York, var det interessant å merke seg at både dei canadiske og amerikanske tunge politiske miljøa og institusjonane stadig nemnde Noreg sin innsats innanfor fredsbevaring. Denne rolla vart enda sterkare understreka i FN. Kristeleg Folkeparti har ein tradisjon for å heve blikket og sjå utover eiga grense. Vi fokuserer på dei fattigaste av dei fattigaste, på dei som er hardast ramma av krig og konflikt. I seg sjølv har dette fokuset ein eigenverdi ved at det hjelper dei som treng det mest. Men i tillegg til dette gjev arbeidet med menneskerettar Noreg respekt og truverd som utanrikspolitisk aktør. Denne rolla gjev oss tilgang til maktsentra i Washington og FN. Til å vere eit lite land, slik representanten Lønning tidlegare i dag snakka om, spelar Noreg likevel ei rolle og ei betydeleg rolle innanfor enkelte område som det vert lagt merke til.

Eg lærde òg på turen til USA meir om den opplevinga vanlege amerikanarar og politikarar har av situasjonen etter 11. september. Den har totalt endra deira dagsorden og vurdering. I Noreg har vi nok ikkje heilt teke innover oss denne haldningsendringa i USA, og vi må nok i større grad prøve å erkjenne og forstå korleis dei tenkjer når vi gjer våre analysar.

Men nære allierte må òg tole å vere usamde. Eg gjev sterk tilslutning til utanriksministeren når han åtvarar USA mot å angripe Irak. Det vil øydeleggje den internasjonale koalisjonen som no er samla. Det er ikkje tvil om at Saddam Hussein er ein despot, men eit press mot regimet der må no fyrst og fremst gjerast via FN. I fyrste omgang må ein arbeide for at våpeninspektørane får tilgang til Irak og der får gode arbeidstilhøve. Kampen mot terror må både først i regi av den koalisjonen som er bygd opp, den alliansen som no står samla mot terror, og i regi av FN. Det er likevel eit paradoks at det var fyrst da talen

til president Bush vart halden – med truslane – at Irak igjen begynte å snakke om å opne dørene for våpeninspektørane, så det ser dessverre ut som om det nok ein gong er truslane som hjelper.

I denne samanhengen, når vi snakkar om koalisjonen, er det interessant å sjå på utspelet frå kronprins Abdullah av Saudi-Arabia i forhold til Midtausten. Forslaget går ut på at dei arabiske landa skal godkjenne Israel som stat, om Israel trekkjer seg ut frå dei palestinske områda som har vore okkuperte sidan 1967. Det er eit interessant forslag, og det ser ut som om det kan få stor oppslutning. Seinast i går drøfta EU sin tryggingspolitiske koordinator, Javier Solana, og kronprins Abdullah forslaget, og Saudi-Arabia slår fast at dei ynskjer å gjennomføre fredsplanen. Situasjonen i Midtausten er urovekkjande. Det er grunn til å kritisere Israel. Israel sin militære maktbruk overfor palestinarane står som oftast ikkje i forhold til situasjonen. Eg trur òg at strategien med å ha sju dagar utan valdsbruk før ein ville ta opp att forhandlingane, var feil strategi. Med dette gav ein vetorett til fanatikanane. Dei gruppene som ikkje ynskje fred, kunne berre gjere ei terrorhandling innan dei sju dagane var gått og såleis forhindre at fredsprosessen gjekk vidare. Men eg vil òg seie at eg synest det er eit paradoks at Arafat gong på gong har avvist dei moglegheitene han har hatt. Han avviste Camp David-avtalen. Han har no innrømt at han kjende til våpensmuglinga. Det er òg grunn til å anta at Arafat kunne gjort mykje meir for å stoppe valden. Dette inntrykket vart styrkt etter komiteens møte med representantar frå dei palestinske sjølvstyremråda som vi hadde da vi var i USA. Eg lurar òg på om EU og andre har gjort nok for å krevje innrømmingar frå Arafat og handlingar frå Arafat, like eins som ein kan spørje om USA har gjort nok i forhold til Israel. Kristeleg Folkeparti fordømmer terror i alle slags former, uansett når og kor det måtte skje. Konflikten kan ikkje løysast ved vald, men ved at partane tek opp att forhandlingane og iverkset anbefalingane frå Mitchell-kommisjonen.

På Madagaskar ser ein òg ei opptrapping av konflikten i kjølvatnet av val til ny president. Det er erklært unntakstilstand, og nokon fryktar borgarkrig. I natt var det store samanstøytar mellom tilhengjarar frå regjeringa og opposisjonen. Minst 14 menneske kom til skade i hovudstaden. Uavhengige rapportar har vist at det var eit reint fuskeval, og at opposisjonskandidaten nok fekk over 50 pst. oppslutning i første valomgang. Han hadde såleis vore rettmessig president. Høgsterett har avgjort at det skal vere ein andre valomgang, og ein bør no stille krav til at andre valomgangen ikkje vert prega av juks, slik første omgangen var. Noreg har til no ikkje vore mykje oppteken av valfusket og korrupsjonen på Madagaskar. Eg får nesten kvar dag inn meldingar om den politiske situasjonen frå misjonærar som bur på Madagaskar, og dei etterlyser eit engasjement frå Noreg si side. Noreg har etter over hundre års nærvær stor tillit på Madagaskar. Dette må Noreg dra nytte av, og gjere sin innverknad gjeldande for å sikre eit fritt og rettferdig val på Madagaskar med internasjonal observasjon.

Eg er uroa over dei mange ustabile og vanskelege situasjonane rundt om i verda, og eg må innrømme at eg til tider kan verte motlaus. Men når ein høyrer kor tøft andre politikarar har det verda over i deira kamp for ei meir rettferdig og fredfull verd, da skuldar vi jammen å halde fram kampen og intensivere den. Vi har dei siste vekene motteke ei rekkje rapportar om brot på menneskerettane og politisk motivert vald i Zimbabwe. Opposisjonspolitikarane der risikerer livet sitt i det komande valet. Eg er glad for at Noreg har valt å sende 21 valobservatørar, slik at desse kan vere med og sikre at vala vert så frie og uavhengige som mogleg. Eg håpar at deira nærvær kan vere med på å redusere bruken av vald i tida fram mot valet. Amnesty International har bede parlamentarikarar i fleire land om å ta kontakt med ein representant for opposisjonen i Zimbabwe. Tanken er at kontakt med personar i andre land kan bidra til å auke tryggleiken for den ein-skilde. Opposisjonspolitikarane i Zimbabwe har altså ikkje tenkt å gje opp. Dei trur på ein demokratisk prosess. Det er eit gledeleg eksempel på korleis slikt kan skje, når vi ser situasjonen i Sri Lanka. Nokre av oss i Kristeleg Folkeparti møtte i går Neela. Ho har sjølv vore med på prosessen med å få fram ei fredsløysing, og ho fortalde oss om arbeidet for fred på Sri Lanka. Den 19. september arrangerte ho i samband med nokre andre ein demonstrasjon der dei ville vise at dei ynskje at fred skulle kome, og med det skulle dei gå ut på gatene. Neela var redd for at ingen ville stille opp, for det var berre åtte dagar etter terroråket i New York, men den dagen gjekk ein million menneske ut på gatene i Colombo. Kvifor? Dei ville vise at dei ynskje fred. Dei var uroa for kva den amerikanske ambassen i Colombo ville seie, men då dei kom dit, stod heile ambassaden og var med og demonstrerte.

Eg gratulerer òg Regjeringa med godt arbeid her. No ser eg at taletida mi er omme. Det stod skrive om Europa her, men då viser eg berre til den gode meldinga som akkurat er lagd fram av Regjeringa. Eg er open for å diskutere den seinare.

Så i forhold til det representanten Jagland sa: Det punkt som eg var usamd i når det gjaldt leiaren Jaglands gode innlegg, var at ikkje denne regjeringa tok kampen mot fattigdom på alvor. Men det får vi kome attende til.

Presidenten: Det blir replikkordskifte.

Gunhild Øyangen (A): Det har tidligere vært nevnt her at Lars Korvald, Lilletuns partifelle, sa: «Norge er et lite land i verden.» Men det at vi er små, betyr ikke at det er nytteløst å påvirke eller forsøke å vise vei. Politikk handler jo om å påvirke og vise vei, også i utenrikspolitikken.

Jeg mener at en forutsetning for en bedre og mer rettferdig verden er at vi har sterke og gode internasjonale organisasjoner. UNESCO, WHO og UNAIDS er noen av mange organisasjoner som gjør et viktig arbeid. Men de er også eksempler på organisasjoner som er avhengige av økonomisk støtte. Det tror jeg at representanten Lilletun er enig i. Men hvis vi skal lykkes med å etablere sterke

og økonomisk bærekraftige internasjonale organisasjoner, må vi også være villige til å betale for dem. Jeg vil derfor utfordre representanten Lilletun til å klargjøre hva han og hans parti mener om den såkalte Tobin-skatten, eller skatt på våpenhandel som virkemiddel for å finansiere internasjonale organisasjoner som er helt avhengige av god økonomi for å kunne ivareta sine viktige oppgaver på en best mulig måte. Dersom representanten Lilletun er imot disse konkrete forslagene, ser han da ikke behovet for å finne nye finansieringskilder, og synes han ikke at Regjeringen har et ansvar for å bidra til å få fram nye forslag?

Jon Lilletun (KrF): Eg er heilt ut samd med representanten Øyangen i at vi treng sterke internasjonale organisasjonar, og at vi treng ei berekraftig finansiering av desse. Det har periodevis vore vanskeleg.

Personleg vil eg òg uttrykkje at då framlegget om Tobin-skatten kom, hadde eg betydeleg sympati for det framlegget. Eg har registrert at han som sette fram framlegget som ein tanke, nok har reservert seg noko meir i ettertid med omsyn til om det kan gjennomførast. Då komiteen var i Verdsbanken på besøk, stilte eg spørsmål om det, og dei var nok òg veldig tvilande til om det var praktisk mogeleg å gjennomføre det. Difor er nok ikkje eg så kompetent at eg tør seie at det kan vi gå for.

Derimot er eg heilt ut samd med representanten Øyangen i at vi treng å finne fram til berekraftige ordningar. Eg vil ikkje stå her og seie kva slags ordningar det skal vere, men det er eit ansvar for det enkelte parti i Stortinget. Det er eit ansvar for Regjeringa å arbeide med dette i forhold til dei multinasjonale organisasjonane, slik at det ikkje er pengemangel som hindrar den internasjonale domstolen, og at det ikkje er pengemangel som hindrar berekraft i dei organisasjonane som vi absolutt meir og meir treng i ei globalisert verd.

Christopher Stensaker (FrP): Har representanten Jon Lilletun tro på at forhandlinger uten bruk av maktmidler løser problemene i Irak?

Dersom det viser seg at det produseres masseødeleggelsesvåpen i form av bakteriologiske, kjemiske eller endog atomvåpen, vil da Norge holde seg passiv og la USA rydde opp for oss? Dersom andre land ved hjelp av terror og masseødeleggelsesvåpen truer Europa, vil da representanten Lilletun si at det får være nok med vår detakelse i Afghanistan?

Som representanten vet, har ikke USA sagt at et angrep mot Irak er planlagt, men at de følger situasjonen nøye dag for dag, og at dersom det viser seg at det produseres masseødeleggelsesvåpen som truer både Europa og resten av verden, er de innstilt på å stoppe dette om de så må stå alene.

Representanten Inge Lønning sa i sitt innlegg her i dag, at trussel fra terrorister må bekjempes hvor den oppstår, og at enhver regjering må gjøre det som er nødvendig for å stoppe en slik trussel. Er representanten Lilletun enig i dette? Og hvordan rimer dette med Regjeringens holdning overfor USA og Irak?

Jon Lilletun (KrF): Eksemplet med Afghanistan, som representanten akkurat viste til, er eit godt døme på at det er nødvendig å ha ein prosess som bringar fram ein konklusjon som ein faktisk kan stå saman om, når ein skal gjennomføre kamp mot terrorisme.

Vi treng alliansar på tvers av religionar, på tvers av politiske system, dersom vi skal vinne denne kampen. Bakgrunnen for både analysen til Regjeringa og analysen til Kristeleg Folkeparti er at det er ynskjeleg at ein fyrst prøver andre vegar, nemleg å intensivere arbeidet med å få inn igjen våpeninspektørane og få teke tak i desse våpena som kanskje finst, utan at ein må gå til krig.

Det er heilt rett at ein i ei rekkje tilfelle treng å bruke makt. Det er ikkje det usemja går om. Spørsmålet er om vi skal prøve å halde fast på at vi treng internasjonal semje dei gongene vi skal bruke makt i slike situasjonar, eller om det er slik at det er nokon som kan kaste seg opp til å vere dei som har rett til å rydde opp her i verda.

Eg trur altså vi treng å bruke makt, men eg trur endå meir at vi treng å kjempe mot fattigdom. Der er eg heilt samd i både det utanriksministeren sa, og det komiteleiareren følgde opp med i dag. Mi utfordring tilbake til Framstegspartiet er at vi treng maktmiddel, men vi treng i aller høgste grad å skape ei meir rettferdig verd. Det er det beste våpenet i kampen mot terrorisme.

Åslaug Haga (Sp): I spørsmålet om godkjenning av EUs barnematdirektiv har Kristelig Folkeparti argumentert med at en ikke vil legge ned veto ut fra det man omtaler som en helhetsvurdering, men hovedsakelig, sies det, ut fra frykt for represalier fra EU-siden. En er ikke riktig sikker på hvilke, men en frykter motreaksjoner.

Når det gjelder patentdirektivet derimot, har Kristelig Folkeparti sagt at de ønsker veto, tilsynelatende uavhengig av mulige motreaksjoner.

Så mitt spørsmål til representanten Lilletun blir: Er det sann at Kristelig Folkeparti ikke frykter motreaksjoner fra EU med hensyn til patentdirektivet, eller er det sann at Kristelig Folkeparti er modig nok til å be om veto når det gjeld patentdirektivet, fordi en vet at en vil bli overkjørt av Høyre i regjering i den saken?

Jon Lilletun (KrF): Det som burde vere klart, er at Noreg har ein rett til unntak. Det er unntak for Noreg og ikkje veto for direktivet generelt.

Samstundes veit vi at i denne avtalen er det òg høve for EU til å setje i gang motreaksjonar. Det vil seie at for kvart direktiv må ein ta ein grundig analyse av kva som på ein måte er ulempene med innføringa av direktivet, kontra risikoen for ulempe med motreaksjonane. Og då skulle det faktisk ikkje vere så vanskeleg å forstå og akseptere at ein kan kome til ulike konklusjonar ved ulike direktiv.

I Kristeleg Folkeparti byggjer vi på at fagorgana har sagt at vi vil dempe dei negative konsekvensane i forhold til helsa med dei tiltaka som er sette i gang. Då synest vi at det å setje heile Kyst-Noreg i ein risikofase på grunn av eventuelle motreaksjonar, vil vere feil.

Når det gjeld patentdirektivet, er det eit grunnleggjande spørsmål for Kristeleg Folkeparti. Vi ser patent på liv som så prinsipielt viktig for oss at vi er villige til å ta ein større risiko. Så enkelt og så vanskeleg er det.

Når det gjeld EU elles, tillèt eg meg òg kort å kommentere det no. Sjølv sagt er det slik som representanten Lønning seier, at vi skal ha eit ope sinn og vurdere og analysere situasjonen fram igjennom, og sjølv sagt kan det òg få konsekvensar for det synet ein har. Det håpar eg er noko som skal gjelde begge vegar, for det høyrdest ut som det berre var vi som hadde sagt nei så langt, som trong å føreta desse analysane. Men det er uaktuelt for Kristeleg Folkeparti å vere med og sende ein søknad i denne perioden. Det står i programmet, og det held vi oss til.

Presidenten: Replikkordskiftet er dermed omme.

Åslaug Haga (Sp): Tida er kommet for å avlive den myte utenriksministeren gjør seg til talsmann for i sin redegjørelse, nemlig at EØS-avtalen er en god avtale for Norge.

Dette er Senterpartiets største innvending mot det som ellers er en redegjørelse der vi kan slutte oss til det meste. Utenriksministerens understreking av betydningen av det multilaterale samarbeidet, en mer nyansert holdning til situasjonen i Midtøsten enn det vi tidligere har hørt fra Regjeringa, fokuseringen på Afrika og advarslene knyttet til militæraksjoner mot Irak er forhold vi glatt kan si oss enige i.

Jeg kommer tilbake til kampen mot terrorisme, NATOs framtidige rolle og en advarsel om å svekke Norges humanitære profil. La meg først kommentere den utenrikspolitiske saken det er størst uenighet om i Norge, nemlig EU-saken.

Regjeringas aksept av EUs barnemattdirektiv illustrerer på en god måte den situasjonen EØS-avtalen setter Norge i. Det har vært tverrpolitisk enighet i Stortinget om at dette direktivet ikke bør innlemmes i norsk rett. Norske barn har et annet kosthold enn andre barn og kan få skader av for store doser vitaminer, slik direktivet presser fram. Direktivet fastsetter ikke bare maksimumsgrenser, men definerer også minimumsverdier. Dette fratrar foreldrene muligheten til å velge produkter som ikke er tilsatt unødvendige stoffer.

Ernæringsmyndighetene har advart mot direktivet, og det har vært gjennomført en meget lang forhandlingsprosess med EU.

EU ville ikke gi unntak, og Regjeringa hadde da et valg, enten å akseptere direktivet eller å bruke reservasjonsretten, som EØS-avtalen hjemler. Regjeringa setter EU-lojaliteten over hensynet til barns helse og godtar direktivet. Man bruker 16 mill. kr på såkalte kompensatoriske tiltak, men erkjenner samtidig at dette er en dårligere løsning enn å få unntak. Regjeringa legger føre var-prinsippet til side og håper at det går bra.

Dette er EØS-avtalen i et nøtteskall. Til tross for at det norske folk har sagt nei til EU-medlemskap, har vi stelt

oss slik at vi ender opp i håpløse tvangssituasjoner. Norge må svelge unna direktiver, men vi har minimal innflytelse på utformingen av dem. Når EU setter hardt mot hardt, bøyer vi av i frykt for represalier hvis vi bruker den reservasjonsretten som møysommelig ble framforhandlet, og som ble brukt som et sterkt argument fra EØS-tilhengerne da EØS-avtalen skulle vedtas.

Vi er nå kommet til et punkt hvor Norge må ta et valg. EØS-avtalen var ment som en overgangsordning inntil det ja-sida mente var en «feil» som oppstod ved at folk sa nei til EU-medlemskap i 1972, ville bli rettet opp. «Feilen» ble ikke rettet opp i 1994. Folk sa klokkelig nei til medlemskap også da. Men vi sitter igjen med en EØS-avtale som vi ser mer og mer dramatiske konsekvenser av. Vi knytter oss så tett opp til EU at vi i realiteten kan snakke om et kvasimedlemskap uten politisk innflytelse.

Ingen ting tyder heldigvis på at det norske folk har endret syn på medlemskaps spørsmålet. Det erkjenner også utenriksministeren. Tida er derfor kommet til å tore å se på EØS-avtalens negative konsekvenser og den husmannsrolle avtalen setter Norge i. Det bør derfor settes i gang et arbeid for å se på andre samarbeidsformer med EU, og det finnes alternativer. Sveits har som kjent framforhandlet en avtale med EU etter at EØS-konseptet ble unnfanget, og dette er en avtale som ikke har de samme underleggesklausuler som EØS-avtalen har. Jeg utfordrer utenriksministeren til å ta på alvor at folk i Norge har sagt nei til EU-medlemskap, og at holdningene, som han sjøl påpeker, ikke er endret. Da bør han ha mot til å legge fram ei EØS-melding i april med alternativer til EØS-avtalen.

Utenriksministeren understreker meget riktig at terrorismen ikke kan slås tilbake med militær makt alene. Senterpartiet skulle ha ønsket at han hadde utdypet dette viktige poenget nærmere. Jeg vil begrense meg til å vise til den kommende FN-konferansen i Mexico om finansiering for utvikling, som ser ut til å kunne bli resultatløs i den forstand at man ikke vil komme et eneste skritt nærmere i praktisk oppfølging av FNs såkalte milleniumserklæring om å halvere den mest ekstreme fattigdommen innen 2015.

Det er ingen direkte sammenheng mellom terrorisme og fattigdom, men alle erkjenner – som det også er blitt gjort fra denne talerstolen mange ganger – at fattigdom kan bidra til å skape grobunn for terrorisme. Kampen mot fattigdom er dermed også en kamp mot terrorisme. Jeg oppfordrer den utenrikspolitiske ledelsen på det sterkeste til å ta et politisk grep i ukene som kommer, for å sikre mer konkret innhold i konferansen om finansiering for utvikling. Den fattige verden trenger noen som tar lederskap i dette arbeidet. Norge bør påta seg den rollen.

Etter terrorangrepene mot USA ble NATOs artikkel 5 utløst. Dette ble ikke fulgt opp med en felles militæraksjon. USA så ikke det som hensiktsmessig. Det kommer signaler fra USA om at man i den videre kampen mot terrorisme ikke utelukker ytterligere militæraksjoner, og man ser ikke problemer med at USA eventuelt går alene. Dette setter NATO i en meget spesiell situasjon. I denne

sammenhengen vil jeg kun påpeke dilemmaet og oppfordre til debatt blant europeiske NATO-partnere.

Regjeringa hadde etter Senterpartiets syn en del feilskjær i håndteringa av situasjonen i Afghanistan – feilskjær som kan bidra til å svekke Norges humanitære profil. Regjeringas manglende vilje til å ta et oppgjør med bruk av klasebomber i Afghanistan, amerikansk bruk av militærdomstol og uverdigg behandling av fanger på Cuba, svekker etter vår oppfatning Norges humanitære profil. Det er nettopp den humanitære profilen som har vært Norges varemerke internasjonalt, og som har gjort oss til en «humanitær stormakt». Vår tilretteleggerrolle i flere konfliktområder kan spores tilbake til denne korte, men likevel historiske arven. Regjeringa bør etter Senterpartiets syn være mer opptatt av å sikre Norges humanitære profil enn den har vært.

Presidenten: Det blir replikkordskifte.

Haakon Blankenborg (A): Eg deler representanten Hagas bekymring for manglende internasjonal vilje til å kjempe mot fattigdommen. Men eg vil tilbake til Europa, som også Haga var inne på.

Senterpartiet krev jo stadig at andre skal gå inn i prinsipielle debattar om betydninga for Norge og for Europa om EU går i ei føderal eller konføderal retning. Senterpartiet meiner at EU er eit problem uansett, og at Norge i det heile ikkje skal bli medlem der uansett, fordi det er udemokratisk og sikkert òg av andre grunnar.

Men når Senterpartiet krev ein slik prinsipiell debatt om utviklinga i EU og konsekvensar for Norge og for Europa, vil eg gjerne høyre eit prinsipielt svar frå Senterpartiet om dei skulle få gjennomslag for sitt syn, som må vere at EU ikkje eksisterer. Senterpartiet samarbeider jo med andre i Europa som er imot EU-medlemskap. Og om ein skulle få gjennomslag for det i alle land, blir det jo ikkje noko EU. Kva blir konsekvensane for Norge og for Europa om Senterpartiet skulle få gjennomslag for sitt syn om å avvikle EU? Er det eit mål at ein ikkje skal ha Den europeiske union? Kva slags konsekvensar ville det få? Ver så snill ikkje å seie at det er eit uaktuelt spørsmål. Svar på det på den samme prinsipielle måten som ein stiller krav om prinsipielle svar på om EU skal gå i ei føderal eller ei konføderal retning. La oss gjere det til eit prinsipielt spørsmål om Senterpartiet skulle få gjennomslag for sin europeiske visjon i heile Europa.

Åslaug Haga (Sp): Jeg takker representanten Blankenborg for spørsmålet. Mitt svar er at jeg ikke har til hensikt å gå inn i den debatten, fordi det representanten Blankenborg legger opp til, er en fullstendig hypotetisk debatt. Det er ingen ting som tyder på at noe EU-land har til hensikt å bidra til å legge ned Den europeiske union. Så dette er fullstendig hypotetisk. Det er en totalt uinteressant problemstilling. Men en meget reell problemstilling er i hvilken retning EU som organisasjon skal utvikle seg i. Det er en problemstilling som er meget omdiskutert på det europeiske kontinent, og den handler om meget fundamentale spørsmål. Og det er den debatten – en reell de-

batt om en reell utvikling i unionen – som vi ønsker å få ja-sida i Norge med på, og som det dessverre ikke er mulig å få noen som helst ut på banen på.

Julie Christiansen (H): I 1994 forsøkte Senterpartiet å balansere to budskap til befolkningen om EU og sikkerhetspolitikk. På den ene siden hevdet Senterpartiet at EU-medlemskap ikke ville ha noen sikkerhetspolitisk betydning, NATO ville forbli det eneste sikkerhetspolitiske ankerfestet for Norge og for Europa. På den andre siden advarte – eller i noens ører skremte – Senterpartiet det norske folk mot Europa-hæren, hvor man antydte at norske soldater kunne bli sendt til Afrika for å forsvare franske og tyske interesser. Nå ser vi at etter 1994 har EU fått en ikke ubetydelig rolle i å bygge fred, stabilitet og sikkerhet på Balkan. EU overtar FN-ansvaret for politistyrken i Bosnia ved årsskiftet og vil trolig også overta for NATO i Makedonia.

Mitt spørsmål er: Hva mener Senterpartiet om denne utviklingen? Er det etter Senterpartiets syn en uheldig utvikling at EU har fått sikkerhetspolitiske virkemidler i form av fredsbevarende og fredsopprettende styrker? Og ser Senterpartiet at EU også har en freds- og stabilitets-skapende effekt gjennom utvidelsesprosessen?

Åslaug Haga (Sp): Senterpartiet ser det som positivt at vi utvikler en krisehåndteringskapasitet i Europa. Det er mange måter den krisehåndteringskapasiteten kunne ha vært organisert på. Nå var det faktisk i EU man startet med å utvikle den kapasiteten, og det tar vi til etterretning fra norsk side. Også med utgangspunkt i Senterpartiets politikk har vi vært innstilt på å bidra konstruktivt i forhold til denne krisehåndteringskapasiteten.

Hvor langt EU skal gå i å utvikle militær slagkraft per se, er jo et stort og fundamentalt spørsmål, som knytter seg direkte til hvordan forholdene skal være mellom USA og Europa innenfor rammen av NATO. Der opplever jeg at vi på langt nær er i mål i forhold til framtidig tenkning om det. Der må det gjøres et stort arbeid framover. Og som jeg var inne på i innlegget mitt, så aksentuerer situasjonen etter terroraksjonene, krisen/krigen – hva man kaller den – i Afghanistan, behovet for å ta den drøftinga.

Jeg mener nok i forhold til østutvidelsen at ja-sida overdriver fundamentalt betydninga av EUs utvidelse som et fredsprosjekt. Senterpartiets syn er at i en tid hvor det stadig blir flere globale utfordringer, stadig flere globale fellesproblemer, er det de globale samarbeidsmekanismene man bør bidra til å styrke. Det er der hovedutfordringene ligger framover. Der ligger hovedutfordringene knyttet til miljø, der ligger hovedutfordringene knyttet til fattigdom, og derfor bør man i større grad sette inn den politiske energien på de globale samarbeidsmekanismene, snarere enn på de regionale.

Ib Thomsen (FrP): Norge er et lite land, har det blitt sagt flere ganger i dag, men ikke når det gjelder tradisjonell u-landshjelp og å være aktiv i bistandspolitikken.

En helhetlig dynamisk politikk er viktig for å sørge for en mer stabil økonomi i det enkelte u-land, også for å hjelpe de fattigste land i verden. En del av u-landene er meget store landbruksprodusenter, og Fremskrittspartiet mener at den beste måten man kan hjelpe u-landene på, er at Norge åpner for en større import av landbruksprodukter fra disse land. Som jeg ser det, er det ikke noen tvil om at dette er det beste virkemiddelet for å få en bedre økonomi i det enkelte u-land. Eksport er viktig for alle land for å styrke det enkelte lands økonomi. Derfor er også eksport til de vestlige land viktig for enkelte u-land. Det er etter min mening en meget god måte å hjelpe u-landene til å bli selvhjulpne på og ikke bare passive mottakere av u-hjelp og bistandsmidler.

Spørsmålet mitt til representanten Haga er: Greier Senterpartiet å se hvilke negative konsekvenser en slik stram, defensiv og meget konservativ politikk vil få på dette området? Mener representanten Haga at man kan ha flere tanker i hodet samtidig – f.eks. ha to tanker samtidig – at bistanden kan gjøres på flere andre, mer effektive og dynamiske måter?

Åslaug Haga (Sp): Jeg kan forsikre representanten om at Senterpartiet har betydelig evne til å ha flere tanker i hodet samtidig – to og ofte flere.

Mat bør ikke betraktes som en tradisjonell handelsvare. Det er faktisk ikke unaturlig at en har en noe annen tilnærming til handel med mat enn en har med f.eks. handel med spiker. Det skyldes rett og slett at mat har noe ved seg som jeg synes alle partier bør være opptatt av, nemlig viktige helsemessige sider. Blant annet ut fra et helseaspekt kan man ikke handle med mat på samme måte som man kan handle med spiker.

Vi tror at det er både klokt og riktig at land har en betydelig grad av egen matproduksjon, og at man kan legge nasjonale hensyn til grunn for landbrukspolitikken. Det mener vi er klokt for alle land. Vi mener det er klokt for Norge, vi mener det er klokt for de enkelte EU-land, og vi mener det er klokt for utviklingslandene.

Ut fra det representanten spør om, hvorvidt det er mulig – sett fra Senterpartiets ståsted, sånn jeg oppfatter det her – å mjuke opp betingelsene i forhold til import av mat fra utviklingsland som en kompensasjon for bistand, er vårt svar at vi ønsker snarere å høyne bistanden enn å åpne opp ytterligere. Men la meg understreke – og vi er helt for den politikken som føres – at Norge har meget stor grad av frihandel med landbruksvarer med de fattigste landene, og det bør vi fortsette å ha.

J ø r g e n K o s m o hadde her gjeninntatt presidentplassen.

Presidenten: Replikordskiftet er omme.

Trine Skei Grande (V): Utenriksminister Petersen la i sin redegjørelse vekt på at terrorisme ikke kan slås tilbake med militær makt alene. Politiske, diplomatiske, økonomiske og rettslige virkemidler er minst like viktig. Dette er et synspunkt som Venstre deler.

Vi må bekjempe årsakene til terrorisme. Her er fattigdomsbekjempelse, økonomisk utvikling og reell politisk deltakelse sentralt. Kampen mot terrorisme er også en kamp for reelt demokrati og for likeverdig økonomisk utvikling. Vi må hele tida sikre at kampen mot terrorisme ikke går på bekostning av grunnleggende menneskerettigheter og rettssikkerhetsgarantier. Dette gjelder ved behandling av krigsfanger i Afghanistan og tendensen til strengere antiterrorlovgivning som går på bekostning av de mest grunnleggende rettighetene. Venstre ser svært alvorlig på dette, og vi vil understreke at kampen mot terror – om den skjer med loven i hånd i hvert land, ved krigshandlinger eller diplomati – må skje uten at grunnleggende menneskerettigheter undergraves. Den rette formen for straffeforfølgelse av terrorister og andre forbrytere mot menneskeheten er å opprette en internasjonal domstol med internasjonalt mandat, og som er under oppsyn av FN. Det må også kunne forventes at de mistenkte i terrorsaker har rettsvern i samsvar med rettsstatens prinsipper.

Jeg vil gi ros til utenriksministeren fordi han i så klare ordelag har advart mot de kreftene i USA som ønsker en amerikansk militær aksjon mot Irak. Slike aksjoner vil svekke det internasjonale samholdet i kampen mot terrorisme. Vi må fortsette det internasjonale presset mot Irak og sørge for at Irak oppfyller resolusjonene.

Det er svært gledelig at partene i den etniske konflikten på Sri Lanka har inngått våpenhvile. Våpenhvilen gir håp om forhandlinger og en politisk løsning på en langvarig konflikt som har tatt livet av mer enn 60 000 mennesker. Det er positivt at Norge også framover har tilbud om å bistå partene i det videre arbeid.

Regjeringa vil legge fram en egen melding om EØS-samarbeidet i april. Venstre er opptatt av å gjøre EØS-prosessen mer åpen og tilgjengelig og sikre større ressurser til storting og forvaltning og de ulike organisasjoners arbeid overfor EØS-organene. I en slik sammenheng er en egen EØS-melding et viktig skritt. Når avstanden til beslutninga er stor, må åpenhet og muligheter for medinnflytelse styrkes, ikke minst for frivillige organisasjoner og for grupper med små økonomiske ressurser.

Det er en svært alvorlig situasjon i Midtøsten, og den har blitt ytterligere forverret. Det ligger et stort ansvar både på palestinsk og israelsk side for å få slutt på voldshandlingene. Den israelske okkupasjonen er imidlertid den underliggende årsaken til dagens vold og terror. Israel er den sterkeste part og har et spesielt ansvar for at fredsforhandlingene gjenopptas. Vold og terror mot uskyldige sivile kan aldri forsvares, og Venstre tar sterk avstand fra palestinske terrororganisasjoners angrep på sivile israelere. På samme måte tar vi sterk avstand fra Israels gjengjeldelsesaksjoner mot palestinske sjølstyrmyndigheter, som ødelegger infrastruktur som er livsnødvendig både for å bekjempe den palestinske terrorismen og å styrke en framtidig palestinsk stat. Arafat er satt i husarrest av Israel, og angrepene fra israelsk side på bl.a. palestinsk politi gjør det enda vanskeligere for Arafat å forhindre voldshandlinger fra palestinsk side. Likvidasjon av palestinske ledere og aktivister er folkeretts-

stridig og moralsk forkastelig. Israelske styrkers ødeleggelse av palestinske mediers infrastruktur gjør det vanskelig for journalister å arbeide i en konfliktsituasjon. Ødeleggelser av vanlige palestinske borgeres hjem er en form for kollektiv avstraffelse som avler hat og øker konfliktnivået.

Utvidelse av den israelske bosettinga, som er i strid med folkeretten, fortsetter i høyt tempo, og Sikkerhetsrådet må kreve en umiddelbar stans i den utvidelsen. FNs sikkerhetsråd må nå presse partene til å gjennomføre Mitchell-rapportens anbefaling om å gjenoppta forhandlingene som ble avbrutt i fjor. En løsning må bygge på palestinernes rettmessige krav til en egen stat og Israels rett til å eksistere innenfor trygge grenser. Israel bør avslutte okkupasjonen, respektere grunnleggende menneskerettigheter og gjenoppbygge ødelagt palestinsk infrastruktur.

Når Norge i morgen overtar formannskapet i Sikkerhetsrådet, gir det oss mulighet til å sette i fokus mange viktige utfordringer. En av dem er å bekjempe profitørene som tjener seg rik på konflikter verden over. Konflikter forlenges og forverres av at både private og statlige aktører har økonomisk interesse av å holde dem gående. Det er viktig at kampen mot terror og voldelige konflikter er basert på størst mulig kunnskap og mest mulig effektive ikke-militære virkemidler. Slik kan Sikkerhetsrådet opptre mer aktivt i forkant av konflikter. Det er videre viktig med økt kunnskap om hvordan økonomiske interesser bidrar til å forlenge og forverre konflikter, og det er svært positivt at Utenriksdepartementet støtter forskningsprosjekter som bidrar til å øke kunnskapen.

Det er også viktig at kunnskapen omformes til politisk handling. Vårt formannskap i Sikkerhetsrådet kan brukes til å finne effektive virkemidler for å motarbeide de som tjener på konflikten. Virkemidler som benyttes i kampen mot terrorfinansiering, vil også være aktuelle for dette formålet, og det er derfor svært viktig å reise denne debatten i Sikkerhetsrådet nå.

Verdens toppmøte om bærekraftig utvikling, som følger opp Rio-konferansen om miljø og utvikling i 1992, starter den 26. august i Johannesburg. Samtidig vil Regjeringa i løpet av 2002 legge fram en globaliseringsmelding for Stortinget. Venstre ser på dette som en god anledning til å få startet en konkret handling for en bærekraftig global utvikling. Effektive internasjonale avtaler er avgjørende for å sikre ansvarlig og fornuftig regulering av internasjonal økonomi. Det er en betydelig underregulering av den globale økonomien, og det fører til at fattige land mister helt nødvendige ressurser og inntekter. I stedet går inntektene fra illegal og uønsket virksomhet til skatteparadis, terror og konfliktfinansiering, og mange land opplever økonomiske, sosiale og politiske kriser.

Internasjonale institusjoner tar tid å bygge opp. Det er derfor viktig å utnytte den holdningsendringa, bl.a. hos USA, som har skjedd etter 11. september i fjor. Utviklingshjelp er viktig for å sikre større global sikkerhet og må gå hånd i hånd med bedre markedsadgang for u-land til i-landenes markeder. Venstre vil understreke viktighe-

ten av at Regjeringa fortsetter opptrappinga av norsk bistand for å nå målet om 1 pst. av BNI. Samtidig er det viktig at målet om at OECD-landene skal gi økt bistand – minimum 0,7 pst. av BNI – opprettholdes.

